

Informasjon til føresette ved skulane Litlabø, Sagvåg og Tjødnalio

Gjeld mogeleg nedlegging av Litlabø skule

Kommunestyret vedtok i samband med handsaminga av budsjett og økonomiplan å starta ein prosess med sikte på nedlegging av Litlabø skule frå og med skuleåret 2012/13. Budsjettet hadde lagt inn ei netto innsparing på dette på 3,3 mill kr i 2012, deretter ei årleg innsparing på 7,6 mill kr frå og med 2012.

Budsjettvedtaket som gjaldt Litlabø skule vart gjort gjenstand for lovlegkontroll. Denne vart handsama av kommunestyret 15. desember, som vedtok eit slikt tillegg til budsjettvedtaket:

Kommunestyret stadfestar at vedtaket i budsjett og økonomiplan 2012- 2015 som gjeld nedlegging av Litlabø skule, og overflytting av elevar til frå Litlabø til Tjødnalio og Sagvåg skule, er å sjå som eit prosessleiande vedtak."

At vedtaket er å sjå som prosessleiande betyr at kommunestyret ikkje har teke endeleg stilling til nedlegging av skulen. Kommunestyret skal først ta stilling til det på grunnlag av ein prosess som m.a. omfattar at saka vert sendt til høyring til m.a. skulen sine formelle samarbeidsorgan.

Vedtaket som omfattar Litlabø skule lyder etter kommunestyret si handsaming 15. desember slik (pkt 15 i budsjettvedtaket):

Kommunestyret gjer vedtak om å starta en prosess med sikte på ei eventuell nedlegging av Litlabø skule frå og med skuleåret 2012/2013. Dersom kommunestyret vedtek å vidareføra drifta av skulen skal budsjettet justerast i samsvar med dette i samband med revisjonen for 1. tertial 2012.

Kommuneadministrasjonen har no under utarbeidning ei utgreiing av spørsmålet om Litlabø skule. Dette vil bli sendt ut på høyring tidleg i januar.

I samarbeid med rektor og FAU ved skulane Litlabø, Sagvåg og Tjødnalio ynskjer me å laga ein plan for ytterlegare informasjon til elevar og foreldre/føresette ved desse tre skulane. Dersom de har spørsmål tar de kontakt med Kommunalsjef Reidun Myklebust, tlf 55 97 20 12 eller 53 49 66 89.

Med venleg helsing


Reidun Myklebust

- Kommunalsjef -


Marit Kjelby

- Skulefagleg rådgjevar -